



Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar: Ref.:FNVCJQ-
Skjemanr.:3934
Vår: 23/2155 - 23/22396

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
21.03.2023

Foreløpig svar på rørleggermelding - gbnr 311/22 Tveit øvre

Tiltak: Tilknytting kommunalt avløp
Byggjestad: Øvre Sagstad 110
Tiltakshavar: Helge Henanger
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.03.2023

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsskart som er vedlagt søknad viser ikkje kommunalt leidningsnett. Vi ber om at det vert sendt inn oppdatert situasjonsskart (VA-kart) som også viser kommunal vass- og avløpsleidning.
Det ligg ei kommunal avløpskum på Gbnr 311/3. Dersom det er mogleg å knytte seg på denne, skal tilknyttinga være i denne kummen.
2. Da delar av leidningsnett skal etablerast på annan manns grunn, skal det ligge føre tinglyst rett til dette.

Før vi kan handsame søknad skal vi ha kopi av tinglyst rett til å legge leidningsnett over annan manns grunn (jf. Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 2.3).

Av situasjonsplan ser vi at avløpsleidning skal krysse Fv. 5308. Det må ligge føre løyve frå Vestland Fylkeskommune til å krysse fylkesvegen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Henanger

Øvre Sagstad 5919
110

Frekhaug

Mottakarar:

Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG